

## Mandat nettverk for kommuneoverlegar i Sogn og Fjordane helsefellesskap

- Kommuneoverlegenettverket er tenkt organisert ved representasjon frå kommunane i helsefellesskapet.
- Fast møteplan med fire faste årlege møter, og elles ved behov.
- Det vil være mogleg for kommunane å løfte problemstillingar inn i kommuneoverlegenettverket og be om samla vurdering/råd frå nettverket.
- Kommuneoverlegenettverket vil ha mandat og mynde til å opp nemne fastlegerepresentasjon inn i råd/utval og utviklingsarbeid.
- Kommuneoverlegenettverket vil ha moglegheit til å løfte saker inn i KS sine råd og utval etter behov.

### Mål med ordninga

Eit kommuneoverlegenettverk vil kunne ivareta kommunane sine interesser på fleire områder enn det som kjem fram i arbeid med helsefellesskap. Ein kan difor sjå tre områder som her er spesielt viktig at ein trekk fram, i tillegg til arbeidet gjennom helsefellesskapet.

1. Beredskap og prehospital tenester
2. Ivareta kommunane sine interesser inn mot helseføretak i eit samfunnsmedisinsk perspektiv.  
Her under oppgåveoverføring og arbeidsfordeling kommune/sjukehus
3. Eit samarbeid kring utviklinga av kommunane sitt tenestetilbod, samt rundt rekrutteringsstrategiar av fastlegar og anna helsepersonell

### Overordna målsetting:

1. Sikre samfunnsmedisinsk kompetanse inn i helsefellesskapet
2. Sikre oversikt over alle fastlegar i vårt område og på denne måten få rett fastlege inn i riktig utviklingsarbeid rundt dei fire prioriterte pasientgruppene
3. Nettverket kan løfte felles samfunnsmedisinske problemstillingar som ei samla gruppe inn i samhandling strukturane lokalt og regionalt
4. Sikre communal medisinsk fagleg kompetanse inn i arbeid med beredskap og smittevern, samt delta i evaluering av pandemihandteringa i vårt område
5. Være kollegastøtte for kvarandre i spørsmål om kommunane som helse og omsorgstenesteprodusent
6. Støtte opp om for å sikre gode faglege og kostnadseffektive samla kommunale helsetenester.
7. Styrke samfunnsmedisin og rekruttering av samfunnsmedisinske stillingar ved kollegastøtte i nettverk
8. Sikre eit samarbeid om rekruttering på tvers av kommunegrenser for å unngå rekruttering av kvarandre si arbeidskraft

## Praktisk organisering

- Invitasjon og deltaking går til alle kommuneoverlegar i kommunar som ligg i opptaksområde til Helse Førde
- Møta bør eit par gonger i året være i samanheng med andre møtepunkt, og på denne måten sikre også det sosiale og ein uformell møteplass mellom kommuneoverlegane
- Nettverket konstituerer seg sjølv i første møte og legg møteplan for året
- Leiarfunksjon for 2 år av gongen
- Interkommunal samhandlingskoordinator vert sekretariat for nettverket, og syt for den praktiske organiseringa rundt møta

## Økonomi:

- Møtedeltaking i nettverket vert ikkje honorert men rekna som ein del av arbeidet som kommuneoverlege
- Fastlegar som vert oppnemnt i prosjekt/utval får dekka arbeidet i tråd med regulerte vedtekter for honorering